



Statens vegvesen - Vegdirektoratet

Dato: 06.04.2016
Vår ref.: 2016/149-4
Saksbehandlar: ingedva
Dykkar ref.:14/259451

Søknad om utsett frist - Iverksetjing av FOR-2014/1566/SD tunelltryggleiksforskrifta - med framdriftsplan

Vi viser til dykkar brev av 06.01.2016. I brevet fekk fylkeskommunen krav om å legge fram ein framdriftsplan.

Forslaget til framdriftsplan som her ligg føre har ikkje vore politisk handsama, men er utarbeidd i samarbeid med Statens vegvesen region vest.

Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram ei sak om drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet for fylkestinget i oktober, denne framdriftsplanen vert lagt fram som ein del av strategien.

For tunellutbetringane fram til 2018 vil desse verte sikra finansiering i dei årlege byggeprogramma for fylkesvegane. For utbetringane i perioden 2018-2025 vil finansiering av desse verte sikra gjennom handlingsprogrammet til regional transportplan. Det er likevel knytt stor uvisse til finansieringa av utbetringane, og fylkeskommunen vil vere avhengig av statlege tilskot for å kunne gjennomføre utbetringane.

Vedlagt er framdriftsplanen for utbetring av fylkesvegtunellane i Hordaland etter krava i tunelltryggleiksforskrifta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Vedlegg

1 Framdriftsplan FOR 2014-1566-SD Tunelltryggleiksforskrifta Hordaland